



Historisk tidsskrift 1945–2020

Mellom konservatisme og nyskaping

Norwegian Journal of History 1945–2020

Between the conservative and the innovative

Leidulf Melve

Professor ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, Universitetet i Bergen

Dr.art. 2005

leidulf.melve@uib.no

Samandrag

Artikkelen kartlegg og analyserer utviklinga av *Historisk tidsskrift* frå det første nummeret etter krigen og fram til og med 2020. Dei 782 hovudartiklane i tidsskriftet blir handsama gjennom ei kvantitativ analyse knytt til eit knippe kategoriar: kjønn, historisk periode for undersøkinga, den romlege plasseringa av undersøkinga og saksområde eller tema. Tendensar og vendepunkt blir diskuterte i ljøs av den overordna historiografiske utviklinga i etterkrigstida, og dessutan redaksjonelle føreord i tidsskriftet.

Nøkkelord

historiografi, nasjonal historieskriving, internasjonalisering, tidsskrift

Abstract

The article presents and discusses historiographical tendencies in *Historisk tidsskrift* (Norwegian Journal of History) from the first volume after 1945 up until 2020. The tendencies are presented according to gender, historical period, geographical situation and thematic orientation, and are discussed partly by drawing on historiographical currents and partly by viewing them in relation to editorial statements of intention.

Keywords

historiography, national history writing, internationalization, scientific journals

Historisk tidsskrift (HT) blei grunnlagt i 1870 som eit nasjonalt historisk tidsskrift. Arkivaren og arkeologen Nicolay Nicolaysen fekk æra av å introdusere nyvinninga, med eit stykke om «begravelser i Norge efter hedendommen».¹ Tidsskriftet var utvilsamt viktig i institusjonaliseringa av eit vitenskapleg historiefag i Noreg, men skilde seg frå det som gjerne er rekna som det første av denne typen tidsskrift, det tyske *Historische Zeitschrift*.² Der *Historische Zeitschrift* tidleg blei eit profesjonstidsskrift som i all hovudsak publiserte artiklar med eit uttalt vitenskapleg siktemål – manifestert gjennom bruk av den kjeldekritiske metoden³ – femna HT langt vidare med omsyn til bidragsytarar. Det tidsskriftet som møter oss i første nummeret etter andre verdskrigen, skil seg i så måte frå den samlinga av stort og smått til opplysning i den norske historia som pregar det første nummeret av HT. Historikarane dominerer no fullstendig, men utan at det er tale om ei profesjonsfagleg monopolisering.⁴

Med dette som utgangspunkt vil eg i denne artikkelen kartleggje og analysere utviklinga av HT frå det første nummeret etter krigen og fram til og med 2020.⁵ Det dreier seg om 782 hovudartiklar. Mindre artiklar, slik som avgrensa empiriske undersøkingar («småstykker»), kommentarar og debattar og sjølvstøtt bokmeldingar, er dermed utelatne frå oversikta.⁶ Målsetjinga med kartlegginga er, for det første, å presentere hovudtendensar i tidsskriftets innhald og utvikling etter andre verdskrig. Hovudtendensane vil bli handsama gjennom ei kvantitativ analyse knytt til eit knippe kategoriar: forfattarens kjønn, historisk periode for undersøkinga, den romlege plasseringa av undersøkinga og saksområde.⁷ Desse tendensane vil bli diskuterte i ljøs av den overordna historiografiske utviklinga i etterkrigstida. Avslutningsvis vil redaksjonelle føreord i *HT* bli nytta for å få grep om redaksjonenes rolle i tidsskriftets utvikling.

Dei 782 hovudartiklane har blitt tematisk ordna i samsvar med ein lett revidert versjon av dei kategoriene som nyleg blei nytta for å analysere norske doktorgradsavhandlingar mellom 1970 og 2015.⁸

1. Nicolaysen 1871: 1–22.

2. Sjø Stieg 1986.

3. Svendsen 2001 peikar på at artiklane i dei fire første banda er konsentrerte om avgrensa spørsmål, knytt til eit klart definert empirisk materiale og med kjeldereferansar i form av fotnotar.

4. Av dei 18 bidragsytarane i dei fire første banda kan 6 bli karakteriserte som amatørar (Svendsen 2001: 313). Vidare peikar Svendsen 2021 på at av dei 143 ulike forfattarane i HT frå 1914 til 1955 mangla mange av dei ei klar kopling til ein «historiefagleg profesjon».

5. Magne Njåstad laga eit register i samband med jubileumsutgåva i 1996. Dette er konsultert.

6. Den redaksjonelle inndeling ligg til grunn for identifiseringa av hovudartiklane. Denne er, slik eg ser det, konsekvent gjennomført i tidsrommet for denne undersøkinga. Hovudartiklane er i all hovudsak empiriske undersøkingar av eit visst omfang, og dei få unnataka som finst (minneord og faglege utsyn), vil ikkje gje nemneverdig utslag i den kvantitative analysen.

7. Institusjonstilknytning er ikkje ein eigen kategori, men somme moment kring den gradvise skiplinga av først Oslo og dernest posisjonen til Oslo og Bergen vil bli tatt opp i samband med geografisk undersøkingssområde – og då særleg lokal- og regionalhistorie. Sjø elles Fulsås 2019: 340; Svendsen 2021.

8. Kategoriene er henta frå svenske undersøkingar, men justerte for å passe betre for å analysere det norske materialet. Om desse justeringane og referansar, sjå Ryymin, Andresen, Heiret & Melve 2019: 137–138. Utover språklege og mindre stilistiske endringar inneber revisjonen i kartlegginga av artiklar i HT at kategorien «utenrikspolitisk historie» er innlemma i «politisk historie». For alle kategoriene gjeld det at HT må innehalde meir enn éin artikkel innan eit gjeve saksområde. Forfattaranes sjølvkategorisering har blitt tillagt stor vekt, medan der slike manglar, har tematisk tendens i artikkelen vore utslagsgjevande. Fleire kategoriseringar kan sikkert diskuteras, men sidan utvalet på 782 artiklar er stort, vil eventuelle feil berre i mindre grad påverke oversikta av dei historiefaglege tendensane.

Forvaltning og finansar (krigsfinansiering, anlegg, sparetiltak, forvaltninga generelt, kyrkja, undervisningsvesenet, Forsvarets organisasjon)
Historievitenskap (historieteori, kjeldestudier, historiografi, arkivvitenskap, diplomatikk, historiedidaktikk, historiebruk)
Idé- og opinionshistorie (rettsleg, religiøs, filosofisk, politisk, strategisk/taktisk teori, økonomisk teori, opinionshistorie, propagandahistorie, pressehistorie, intellektuell historie)
Sosialhistorie (sosiale grupper, massefenomen, kvinnehistorie, mannshistorie, kjønns historie, barnehistorie, arbeidshistorie, minoritetshistorie)
Biografi
Politisk historie (statsrett, privilegium, lovgjeving, trykkefridom, politiske spørsmål, reformer, grupper synspunkt på politiske saker, politiske maktgrupper, politiske hendingar /kriser)
Økonomisk historie (<i>business history</i> mm.)
Kulturhistorie («ny kulturhistorie», mikrohistorie mm.)
Vitskaphistorie (helse- og medisinhistorie mm.)
Demografi- og migrasjonshistorie
Retts historie
Byhistorie

Kvinner, historieskriving og Historisk tidsskrift

Om norske doktorgradsavhandlingar i historie syner at det er «langt frem til god kjønnsbalanse»,⁹ gjev ikkje artikkelar i HT eit lystigare bilete. Det skulle gå over førti år frå grunnleggjinga av tidsskriftet til det første bidraget frå ei kvinne, i 1914.¹⁰ Fram til 1970 er fire artikkelar med kvinnelege forfattarar det totale bidraget. Til saman blei det publisert 147 artikkelar i tidsrommet (1946–1970). Kvinnedelen var dermed på låge 2,7 %.

Mot ein slik bakgrunn representerte 1970-talet eit vendepunkt. Medan heile 1960-talet romma éin artikkel frå ei kvinne (Olafia Einarsdottir), var 1970-talet karakterisert av at dei fleste banda hadde kvinner som bidragsytarar. 1974-utgåva utgjorde eit høgdepunkt, der kvinner stod bak tre av ti artikkelar.¹¹ Det skulle gå tretten år før kvinneandelen i eit einskilt år blei høgare: I 1987 var kvinneandelen på nesten 50 %, sidan fire av ni hovudartikkelar var forfatta av kvinner.¹² For 1970-talet under eitt var kvinneandelen på 13 % (13 av 99 artikkelar), medan den på 1980-talet sank til i underkant av 8 % (13 av 166 artikkelar).

1990-talet er noko meir utfordrande å analysere, mykje fordi nummer 4 av 1990-årgangen var eit temanummer via til kvinnehistorie, «Or Noregs kvinnesoge». Av dei elleve kortare artikkelane i dette nummeret var ti forfatta av kvinner. Dette nummeret førte kvinneandelen på 1990-talet opp i historisk høge 25 %. Sjølv om dette nummeret knapt var representativt, talar likevel mykje for å omtale 1990-talet som eit nytt vendepunkt. Om året 1990 blir halde utanfor og vi står att med 1991–1999, var kvinneandelen på nesten 19 % (30 av 159 artikkelar) – 10 % høgare enn førre tiåret. Tendensen på 2000-talet var prega av svak auke og dermed kontinuitet: Kvinneandelen i tiåret 2000–2009 var på 22 % (31 av 136 artikkelar), medan 35 av 149 artikkelar forfatta av kvinner mellom 2010 og 2020 førte prosentdelen opp i nesten 23,5.

9. Ryymin mfl. 2019: 139.

10. Dette bidraget, av Sofie Aubert Lindbæk, er heller ikkje ein hovudartikkel. Den første av dette slaget blei publisert i band 29 (1930–33), forfatta av Jean Young.

11. Grethe Authen Blom, Ida Blom og Anne-Lise Seip.

12. Jorunn Björgum, Anne-Lise Seip, Ida Blom og Margit Rosenberg.

Ein slik tendens, frå ein uhyre låg kvinneandel fram til ei første vending på 1970-talet og ei andre på 1990-talet, kjem knapt overraskande. Tendensen reflekterer at det framleis er færre kvinnelege historikarar både i Noreg og i Europa – sjølv om det er teikn til betring.¹³ Tendensen samsvarar òg med kjønnsfordelinga blant doktorandar i historie etter 1970, med den forskjellen at kvinnelege bidrag i HT aldri nådde slike høgder som doktorandane nådde mellom 2000 og 2009 – då heile 36 % var kvinner.

Temanummeret i 1990, «Or Noregs kvinnesoge», der ti av elleve bidragsytarar var kvinner, rettar merksemda mot eit mogeleg samsvar mellom kjønn og tema. Tidsskriftets fire kvinnelege pionerar før 1970 publiserte innanfor kategoriane politisk historie (Berglund, Semmingsen), idé- og opinionshistorie (Salvesen) og historievitskap (Einarsdottir). På 1970-talet blei bidraga som nemnt fleire, men kvinner heldt fram med å publisere om emne innanfor politisk historie (Einarsdottir, I. Blom, Seip) og historievitskap (Semmingsen, G.A. Blom). Kvinner var i tillegg sentrale bidragsytarar innanfor sosialhistorie: Fem av tretten artiklar av kvinner fall i denne kategorien. Den same tendensen gjorde seg gjeldande på 1980-talet, men med den interessante skilnaden at det først no dukka opp kvinnehistorie skriven av kvinner: Ida Bloms «Nødvendig arbeid – skiftende definisjoner og praktiske konsekvenser» (1985).¹⁴

Den tematiske mangfaldiggjeringa som for alvor slo inn på 1990-talet, bringa med seg kulturhistorie som eit nytt distinkt saksområde. Sosialhistorie hadde derimot ikkje same tiltrekkingskraft på 2000-talet, i alle høve ikkje målt i HT-artiklar (sjå nedanfor). Interessant nok gjaldt dette særleg sosialhistorie med kvinnelege forfattarar. I den grad det er mogeleg å sjå ein tendens i det langt meir mangfaldige landskapet på 2000- og 2010-talet, er det nettopp kvinners bidrag til kulturhistorie. Av dei 48 artiklane innanfor kulturhistorie mellom 2001 og 2020 stod kvinner bak halvparten (24). I den grad det er eit samsvar mellom kjønn og tematikk, gjorde dette seg altså gjeldande på 1980- og 1990-talet – i form av dei mange kvinnelege bidraga til sosialhistorie – og på 2000- og 2010-talet gjennom bidrag til kulturhistorie. Det er elles få haldepunkt for å hevde at det er samsvar mellom kjønn på den eine sida, og historisk periode og den romlege plasseringa av undersøkinga på den andre.

Den låge kvinneandelen i HT har blitt påpeika av fleire tidlegare redaksjonar, men det er kanskje overraskande at det først er i seinare tid at det har blitt tatt konkrete grep. Oslo-redaksjonen med Ole Kristian Grimnes, Håkon Hovstad og Sølvi Sogner (1985–1992) slo rett nok eit slag for *kvinnehistorie* i 1990, men tematiserte ikkje *kvinneandelen* blant bidragsytarane.¹⁵ I 2001 blei kvinneandelen omtala av Tromsø-redaksjonen (Einar Niemi, Randi Rønning Balsvik og Lars Ivar Hansen), men berre i deskriptive og kvantitative vendingar.¹⁶ Ser ein vekk frå temanummer, er det faktisk ikkje før i 2010, under Trondheim-redaksjonen med Ida Bull, Randi Bjørshol Wærdahl og Kristian Steinnes, at det gjekk ut ein appell til kvinnelege historikarar om å sende inn bidrag.¹⁷ Dei to siste redaksjonane, Tromsø (Narve Fulsås, Richard A. Holt, Kari Aga Myklebust og Harald Dag Jølle) og Bergen (Frode Ulvund,

13. Ein fjerdedel av dei 147 historikarane i evalueringsrapporten frå 2008 var kvinner (Stråth, Simonsen, Warring, Lindkvist & Villstrand 2008: 41). Tal frå Europa (2005) viser ein prosentandel på 31,4, opp frå 17 % i 1980 (O'Dowd 2010: 65).

14. Blom 1985.

15. For redaksjonen var det eit poeng at i staden for å sjå på kvinnehistorie som ei meir eller mindre marginalisert bindestrekshistorie, ei «historie nedenfra», skulle kvinnehistorie definerast som «historie fra siden» (Grimnes, Hovstad & Sogner 1990: 401).

16. Niemi, Balsvik & Hansen 2002: 3–4.

17. Bull, Wærdahl & Steinnes 2010: 5. Redaksjonen følgde opp initiativet med eit temanummer i 2013 som markerte 100-årsjubileet for kvinners stemmerett.

Sissel Rosland, Dunja Blažević og Jo Rune Ugulen Kristiansen) har baa sett på kvinneandelen som ei utfordring og oppfordra kvinner til å skrive for tidsskriftet.¹⁸ Det står att å sjå om ei slik meir aktiv tilnærming får resultat i form av ein høgare kvinnedel. Slik det ser ut no, er det vanskeleg å vere usamd med Narve Fulsås då han, i ein diskusjon om framtida til tidsskriftet, hevda at «mangelen på kjønnsbalanse i norsk historieforskning, og særleg slik han kjem til uttrykk i *Historisk tidsskrift*, er eit vedvarande problem».¹⁹

Historisk periode: frå mellomalder til samtidshistorie

Likeins som at den låge kvinneandelen i HT i den første etterkrigstida ikkje er overraskande, kjem det heller ikkje som ei overrasking at dei historiske periodane som blir utforska, er få. Med utgangspunkt i den tradisjonelle inndelinga i antikken, mellomalder, tidleg nytid, moderne tid (1800–1945) og samtid (perioden etter 1945) vil det naturleg nok vere særskild få samtidshistoriske bidrag i den første tida etter krigen. Det første bidraget av dette slaget dukka opp i 1968, i form av Johan Schreiners tankar om korleis det var å møte studentane att i 1945.²⁰ Frå denne artikkelen gjekk det nesten ti år før den første artikkelen som presenterer empirisk grunnforskning, dukka opp. Det er såleis Tore Grønlie «Årdal Verks oksydavtale med Alcan i 1947» (1976) som verkeleg introduserte samtidshistoria i HT.²¹ Frå dette tidspunktet blei etterkrigshistorie, eller samtidshistorie, eit fast om enn avgrensa innslag i tidsskriftet: Fram til 1990-talet er det i snitt berre éin artikkel med samtidshistorisk orientering per årgang. Til samanlikning skjer dreininga mot samtidshistorie tidlegare i dansk HT, der Sven Ellehøjs redaktørperiode (1965–73) markerer «det længe ventede skift i vægtfordeling til fordel for den nyere og nyeste historie».²² Både dansk og norsk HT reflekterer såleis den konservatismen som er sagt å prege dei gamle nasjonale historiske tidsskrifta: Nyskaping er helst å finne i tidsskrift grunnlagde etter andre verdskrig, og då særleg på 1960- og 1970-talet.²³

1990-talet markerte utvilsamt gjennombrotet for samtidshistorie, men tiåret utgjorde òg eit vendepunkt på andre måtar. Fram til midt på 1970-talet var det mellomalder og moderne tid som dominerte. Slik periodedominans reflekterer det Fredrik W. Thue har kalla ein whig-tendens i norsk historieskriving: leiting etter (latent) kontinuitet og samanheng i historia frå dei eldste tider.²⁴ Den same logikken forklarar at «mellempå perioden» (1500–1900) dominerte fullstendig i dansk HT i dei to første tiåra etter krigen.²⁵ Til samanlikning er det først frå slutten av 1970-talet at tidleg nytid for alvor fekk innpass i norsk HT. Samstundes med at tidleg nytid fekk ny merksemd, forsvann mellomalder som ein dominerande historisk periode. Endringa var gradvis, og kan sporast attende til byrjinga av 1970-talet. Medan det er ti artiklar om mellomalderen i dei to årgangane 1970 og 1971 (av 18 artiklar), er det berre to artiklar (av 26) om denne perioden i 1978 og 1979. Publiseringraten auka noko på 1980-talet, stabiliserte seg på eit litt lågare nivå på 1990- og 2000-talet, før den auka att på 2010-talet.

18. Fulsås, Holt, Myklebust & Jølle 2018: 296; Ulvund, Rosland, Blažević & Kristiansen 2019: 5. Bergen-redaksjonen tok til orde for «ei meir aktiv rekruttering av kvinnelege forfattarar».

19. Fulsås 2019: 340.

20. Schreiner 1968.

21. Grønlie 1976.

22. Due-Nielsen 2014: 205.

23. Jørgensen 2012: 82.

24. Thue 2015: 342.

25. Tre fjerdedelar av bidraga var om denne perioden (Jespersen 2014: 175).

Ei rekkje tendensar som gjer seg gjeldande heilt fram til i dag syner seg altså på 1990-talet. Mellomalder gjorde mindre av seg, medan tidleg nytid styrka stillinga. Til saman er likevel eldre tid eit merkbart innslag i HT over i det nye milleniet og fram til i dag, men med mellomalder og tidleg nytid som meir likeverdige periodar enn høvet var fram til midt på 1970-talet. Antikken har derimot aldri hatt ei sentral rolle å spele i tidsskriftet. Ein artikkel på 1980-talet, tre på 1990-talet, seks på 2000-talet og ingen på 2010-talet reflekterer delvis at det er relativt få som arbeider med perioden i Noreg, og delvis at antikkhistorie ikkje har den nasjonalhistoriske tilknytninga som dei andre periodane – og dermed i større grad publiserer internasjonalt.²⁶

Der 2000-talet var det mest mangfaldige med omsyn til periode, markerte det siste tiåret ei ytterlegare dreining mot tida etter 1800. Antikken forsvann, medan tidleg nytid vart mindre til stades enn i førre tiår. Av eldre historie er det mellomalder som står for dei fleste bidraga etter 2010. 24 artiklar (av 149) har mellomalder som historisk periode, medan tidleg nytid stiller med 15 bidrag. Det vil seie at nesten 74 % av artiklane i HT mellom 2010 og 2021 fokuserte på tida etter 1800. Ikkje overraskande samsvarar dette funnet med tendensen i norske doktorgradsavhandlingar: Tida etter 1800 har dominert storleg etter 1980, der nesten 80 % av avhandlingane har denne periodemessige innrettinga.²⁷

Eit siste karakteristisk trekk ved det siste tiåret er veksten i periodeoverskridande artiklar. Det er slett ikkje tale om mange bidrag, elleve mellom 2010 og 2021, men likevel ei markant auke samanlikna med tidlegare. Fleirtalet av dei periodeoverskridande artiklane rører seg mellom moderne tid og etterkrigstida, men det er òg dei som arbeider i spennet mellom mellomalder og tidleg nytid og tidleg nytid og moderne tid. Norske doktorgradsavhandlingar, til samanlikning, syner ein høgare del periodeoverskridande avhandlingar, og at denne har lege ganske stabilt sidan 1990-talet.²⁸

I kva grad den markante auken i periodeoverskridande artiklar det siste tiåret markerer eit sterkare medvit om periodar som konstruksjonar og etterrasjonaliseringar, er vanskeleg å lese ut av materialet. Det samla inntrykket er at den tradisjonelle periodiseringa framleis står sterkt. Berre éin redaksjon har tatt til orde for periodeoverskridande bidrag,²⁹ sjølv om etterlysing av syntesar, vidare perspektiv og komparasjon stundom òg føreset periodeoverskriding. Kanskje er det òg mogleg å lese utviklinga på 2010-talet som ei motvekt til aukande spesialisering innan historiefaget.

Sjølv om dette materialet ikkje tillèt konklusjonar kring desse endringane og tendensane, er somme refleksjonar kanskje på sin plass. Redaksjonane i HT, i alle fall frå føreorda å dømme, har ikkje hatt ein klar politikk på området. Faktisk er det berre Bergen-redaksjonen mellom 2002 og 2005 (Odd-Bjørn Fure, Astrid Forland, Anders Bjørkelo) som i klartekst uttrykte eit ønske om å leggje vekt på det samtidshistoriske.³⁰ Orienteringa mot nyare historie sidan midt på 1970-talet er sjølv sagt eit resultat av at perioden utvidar seg, men den står nok òg i samband med ei tematisk forskyving frå den politiske historia til sosialhisto-

26. Bidrag antikk historie: Jørgen Christian Meyer (1983), Knut Ødegård (1992), Øyvind Norderval (1992), Johan Henrik Schreiner (1993), Eivind Heldaas Seland (2004), Stig Oppedal (2004) og Evy Johanne Håland (2004).

27. Ryymin mfl. 2019: 141.

28. 66 av 361 avhandlingar i tidsrommet 1970–2015 var periodeoverskridande.

29. Det gjeld Oslo-redaksjonen (2005–2010), som ønska «kronologisk vidsyn, til å se trekk ved samfunnsforholdene i en periode i komparativt kronologisk lys» (Rian, Bjørgum & Opsahl 2005: 7).

30. Som ei følgje av «historiefagets primære samfunnsmessige funksjon» og at «historikerne har ofte overtatt tematisering av den nære fortid til samfunnsforskere [...] vil den nære fortid få en noe mer sentral plass enn tidligere» (Fure, Forland & Bjørkelo 2002: 171).

rie – og seinare til kulturhistorie. I dette ligg det òg ei større vekt på samfunnsrelevans. I vår samanheng er det òg interessant at samtidsrelevans, som me skal sjå, er eit gjennomgangstema i tidsskriftets redaksjonelle føreord dei siste tiåra.

Geografisk rom – den nasjonale historieskrivinga inn i eit nytt tusenår

HT blei etablert som eit nasjonalt historisk tidsskrift. Til liks med andre nasjonale tidsskrift var det òg for HT eit mål å publisere bidrag med relevans for det nasjonale rommet. Evalueringa av norsk historiefagleg forskning i 2008, som tok føre seg 3990 publikasjonar frå 147 historikarar i tidsrommet 1996–2005, konkluderte med at 78 % av desse publikasjonane hadde Noreg som ramme.³¹ Sjølv om denne rapporten, og ikkje minst omgrepet «metodologisk nasjonalisme», er diskutert grundig,³² er det vanskeleg å ikkje nytte undersøkinga som *eitt* utgangspunkt for analysen av tendensar i HT.

Artiklane i dei første tretti åra etter krigen var fullstendig dominert av Noreg som undersøkningsområde. Av dei 195 artiklane mellom 1946/48 og band 56 i 1977, som inneheldt det første bidraget av ikkje-europeisk historie, fanst det rett nok 16 som med ei viss godvilje kan plasserast innanfor eit nordisk geografisk rom. Europeisk og ikkje-europeisk historie var derimot heilt fråverande. Det vil med andre ord seie at nesten 92 % av bidraga hadde Noreg som ramme. Jarle Simensens bidrag «Den radikale retning i u-landsstudiene og deres tolkning av afrikansk historie»³³ var ikkje berre den første artikkelen som innlemma eit ikkje-europeisk rom, men den innleia òg ein ny fase i HT med omsyn til geografisk rom: I løpet av 1980-talet prenta HT fem artiklar som rørte seg i eit ikkje-europeisk rom, om India, Sudan og Madagaskar. Det bør vel leggjast til at to av desse bidraga diskuterte ulike norske initiativ og prosjekt i ikkje-europeiske kontekstar – det norsk-indiske fiskeriprojektet og norske misjonærar på Madagaskar. I røynda var det berre artiklane til Knut Vikør om Sudan som representerte ikkje-europeisk historieskriving utan ei klar forankring i det norske.³⁴

Om det stemmer som Jan Eivind Myhre har hevda – at «internasjonaliseringen av den norske historievitenskapen er en av tendensene som ligger klarest i dagen for perioden fra 1970 til 1995»³⁵ – er det først på 1990-talet at denne tendensen for alvor blir synleg i HT. Artiklar som rører seg i eit ikkje-europeisk rom, auka rett nok ikkje i omfang, men det gjorde bidrag kring europeisk og nordisk historie. Dei 13 bidraga om europeisk historie og dei 14 om nordisk historie utgjorde 16 % av bidraga på 1990-talet. Om ein legg til dei fem artiklane plasserte i eit ikkje-europeisk rom, tematiserte 21 % av artiklane andre geografiske rom enn det norske. Isolert sett er vel dette ikkje ein stor del – og det samsvarar med evalueringsrapporten frå 2008 – men det er likevel ein markant endring frå stoda tidlegare: frå 8 % i tida fram til 1977, nesten 9 % på 1980-talet til altså 21 % på 1990-talet.

Det er òg eit poeng at lokal- og regionalhistorie vaks frå å vere eit absolutt marginalt innslag til å bidra på line med europeisk og nordisk historie.³⁶ HT formaliserte rett nok ein profil som innlemma lokal- og regionalhistorie så tidleg som i 1906, men det relative fråvæ-

31. Stråth mfl. 2008: 52–68.

32. Sjå til dømes bidrag i *Historisk tidsskrift* 2009, nr. 1.

33. Simensen 1977.

34. Vikør 1982 og Vikør 1984.

35. Myhre 1996: 18.

36. Det er tale om 14 bidrag om lokal- og regionalhistorie frå 1990-talet. Til samanlikning finst det i tida mellom 1946/48 og 1977 berre to artiklar med ein distinkt lokalhistorisk profil: Mjøen 1954/56 og Fladby 1967.

ret av slike artiklar tyder på ei arbeidsdeling mellom HT og *Heimen* (grunnlagt 1922) – og det trass i at lokalhistoria har utvikla seg storleg når det gjeld tema og tilnærming i denne perioden og i mange høve reflekterer det mangfaldet som kom til å karakterisere HT.³⁷ Om denne auken i lokal- og regionalhistorie står i samband med redaksjonsskiftet til Trondheim i 1992 og til Tromsø i 1997, er ikkje lett å seie.³⁸ Det siste føreordet til Trondheim-redaksjonen (Steinar Imsen, Per Fuglum, Kari Melby og Gudmund Stang) kan gje eit slikt inntrykk, då skiplinga av «aksen Oslo-Bergen» blei vektlagt og det dessutan blei peika på at «undermineringen av Oslo-universitetets tradisjonelle akademiske hegemoni» har ført til «økt landsdelslikevekt og større mangfold».³⁹

Om 1990-talet representerte eit vendepunkt i form av ei mangfaldiggjering av det geografiske undersøkingsrommet, markerte 2000-talet ei attendevending til ein situasjon der det nasjonale rommet styrka stillinga si. Bidrag frå ikkje-europeisk historie heldt seg rett nok konstant (5), medan det var færre artiklar som rørte seg innanfor eit europeisk (8) og nordisk rom (2).⁴⁰ Den marginale stillinga til nordisk historie gjev ytterlegare haldepunkt for det Pelle Oliver Larsen har understreka ved å granske nordisk historisk samarbeid: Den nordiske dimensjonen har mest av alt vore eit supplement til det nasjonale – ikkje ei erstatning.⁴¹

Tiåret representerte *ei* nyvinning i form av transnasjonal historie. Medan det tok tid før internasjonalisering gjorde seg gjeldande i HT, responderte tidsskriftet raskare på det transnasjonale – i ljøs av at 1990-talet gjerne er sett på som å markere gjennombrøtet for tilnærminga i norsk historieskriving.⁴² Transnasjonal historie har, i sine ulike framtoningar, gjerne blitt sett på som eit alternativ til nasjonal historieskriving. Det transnasjonale prosjektet legg såleis vekt på likskapar, skilnader, relasjonar og utvekslingar mellom undersøkingseiningar i fleire nasjonale kontekstar. Få av dei fire transnasjonale bidraga i HT på 2000-talet diskuterte transnasjonal historie som eit historieteoretisk og metodisk prosjekt.⁴³ Likevel representerte dei til saman eit nytt teoretisk-metodisk alternativ til korleis tematikkar av nasjonal relevans kan handsamast i rammer som ikkje gjev epistemologisk primat til nasjonen. Det er truleg ikkje tilfeldig, som me skal sjå, at alle desse fire bidraga er innanfor sakskategoriene kulturhistorie og idé- og opinionshistorie – ikkje den politiske historia.

I eit slikt perspektiv er det interessant å konstatere at det siste tiåret i denne undersøkinga, 2010-talet, markerte ei ytterlegare styrking av det nasjonale rommet. Bidrag om ikkje-europeisk historie forsvann nesten heilt, representert ved berre éin artikkel om USA-historie,⁴⁴ medan dei sju bidraga kring europeisk historie syner ein liten auke samanlikna med førre tiåret. Nykommaren på 2000-talet, transnasjonal historie, styrka derimot stillinga i kraft av sju bidrag fordelte ganske så jamt utover tiåret. Ei samanlikning av bidraga til transnasjonal historie på 2010-talet med dei i førre tiåret viser at dei seinaste bidraga i større grad diskuterer *tilnærminga* – sjølv om det heller ikkje no er mykje transnasjonal historieteori i bidraga.⁴⁵

37. Sjå Tretvik 2004: 75–106.

38. Allereie i 1991 understreka Oslo-redaksjonen «den store ekspansjonen i nordnorsk historieskriving i de siste par tiårene» (Grimnes, Hovstad & Sogner 1991: 465).

39. Imsen, Fuglum, Melby & Stang 1997: 1.

40. Norsk lokal- og regionalhistorie er representert med ti bidrag, noko færre enn i førre tiåret.

41. Larsen 2015: 202.

42. Sjå Simensen 2000.

43. For bidraga, sjå Amdam 2000; Spring 2001; Okkenhaug 2009; Sigurðsson 2009.

44. Joranger 2010.

45. Benum 2010; Meyer 2011; Eliassen 2012; Jørgensen, Karlsdóttir, Mårald, Poulsen & Räsänen 2013; Kruse & Wil-lumsen 2014; Linn 2015; Jackson 2017. Eliassen er vel den som diskuterer den transnasjonale tilnærminga mest inngående – i form av det han kallar «transterritoriell historie» (Eliassen 2012: 338–341).

2010-talet viste òg ei styrking av nordisk historie – som fekk fem bidrag. Til saman utgjorde desse bidraga knapt 13,5 % av totalen. Det nasjonale undersøkingsrommet dominerte altså i ein slik grad at tida mellom 2010 og 2020 betre kan samanliknast med 1970- og 1980-talet enn med det meir geografisk mangfaldige 1990-talet.

Ei slik oversikt over geografisk rom i artiklar i HT gir rom for ettertanke. For einskilde er det lite lysteleg lesing; dei som hadde ei von om at norsk historieskriving hadde opna seg for verda i dei snart 15 åra som har gått sidan omgrepet «metodologisk nasjonalisme» blei lansert, må konstatere at det nasjonale rommet har styrka stillinga si i tidsskriftet. I så måte går utviklinga i ei anna retning enn i norske doktorgradsavhandlingar: medan nesten 66 % av avhandlingane mellom 1990 og 1999 hadde Noreg som undersøkingseining, sank denne til 53 % i tida mellom 2010 og 2015.⁴⁶ Eit blikk til dansk HT syner i større grad ei pendelsvinging: internasjonalisering allereie i Ellehøjs redaktørtid (1965–73), ei meir nasjonal orientering på 1970- og byrjinga av 1980-talet,⁴⁷ medan 1990-talet vitna om større vekt på internasjonalisering.⁴⁸

Sjølv om det ligg ein «systemskapt logikk» under denne auka oppslutnaden om det nasjonale,⁴⁹ gjer forskyvinga mot det nasjonale geografiske rommet det naudsynt å stille spørsmål til i kva grad og på kva måte HT er representativt for norsk historiefagleg forskning. I takt med mangfaldiggjeringa og spesialiseringa av historiefaget har det oppstått ein underskog av spesialiserte tidsskrift, i all hovudsak på engelsk. I takt med internasjonaliseringa av akademia er det òg ein langt større del historikarar av ikkje-norsk opphav ved norske universitet og høgskular. Desse historikarane er produktive, men dei publiserer i all hovudsak på engelsk i internasjonale tidsskrift. HT fangar berre i liten grad opp denne forskinga: Det finst rett nok sju artiklar på engelsk frå 2010-talet, men av desse rører fire seg innanfor eit norsk undersøkingsrom.

Tidsskriftet appellerer altså primært til dei som forskar på norsk historie og skriv på norsk. Dei mange redaksjonelle forpliktingane om å ivareta norsk språk kan lesast som at dette er ei vilja utvikling.⁵⁰ Alle redaksjonane etter 2005 har meint at tidsskriftet har eit ansvar for å ivareta og vidareutvikle norsk språk. Trondheim-redaksjonen presenterte, som den første, eit historiografisk argument for vekta på norsk historie: Det er i HT at forfattarane møter «lesere som er kjent med den kontekst forskningen står i [...]».⁵¹ På den andre sida har fleire redaksjonar uttrykt at tidsskriftet bør spegla historiefagleg forskning meir generelt. Det finst ingen slike ambisjonar frå Oslo-redaksjonen mellom 1985 og 1992. Redaksjonane har sidan den gongen veksla mellom å leggje vekt på «det som skjer i det norske historikermiljø» (1992),⁵² til i større grad å problematisere det større innslaget av forskninga som blir publisert internasjonalt.⁵³ Ikkje minst gjeld dette den sitjande redaksjonen: «Som eit nasjonalt tidsskrift skal *Historisk tidsskrift* famne vidt og spegla utviklinga i faget.

46. Ryymn mfl. 2019: 142.

47. Due-Nilsen 2014: 226.

48. Pedersen 2014: 237.

49. Fulsås 2019: 343 peiker på at publiseringsstøtte til Open Access føreset at tidsskriftet primært vender seg til ei fagålmente på norsk. Sjå òg Bergen-redaksjonen, som understrekar det paradoksale i at finansieringsordninga set strenge grenser «for kor mange internasjonale bidrag med relevans for norsk historie som me kan ta i mot» (Ulvund mfl. 2019: 5).

50. Ivaretaking og vidareutvikling av norsk språk har blitt sett fram som eit mål av alle redaksjonane etter 2005.

51. Bull mfl. 2010: 4.

52. «Et nasjonalt tidsskrift som vårt må reflektere det som skjer i det norske historikermiljøet» (Imsen, Fuglum, Melby & Stang 1992: 121).

53. «Mange norske historikarar arbeider no med ikkje-norsk historie, og òg det bør avspeglast både i artiklar, debattinnlegg og bokmeldingar» (Fulsås, Holt, Myklebost & Jølle 2015: 4).

Me vil vise breidda i historieforskinga, både tematisk, geografisk, metodisk og i teoriperspektiv.»⁵⁴

Kva saksområde blir det publisert om?

HT har så langt vist seg som eit konservativt tidsskrift – særleg med omsyn til kjønn og geografisk rom. Korleis ser det ut om merksemda blir retta mot saksområde, med andre ord kva tema det blir publisert om?

Dei første tjue åra etter krigen var, ikkje overraskande, dominert av politisk historie. Dominansen var likevel mindre enn det ein kanskje kunne vente. I det første tiåret, frå 1946/48 til 1954/56, då den politiske historia, eller nærare bestemt den nasjonale politiske historia, stod på sitt sterkaste, femna denne om 61 % av bidraga (33 av 54 artiklar). Faktisk fell bidraga frå dette tiåret inn i heile seks saksområde, inkludert historievitskap (5), idé- og opinionshistorie (7), demografi- og migrasjonshistorie (1), økonomisk historie (1) og biografi (2). Den tradisjonelle historiografiske forteljinga om at dei nye bindestrekshistoriene frå 1960-talet og frametter etablerte seg i opposisjon til den politiske historia, stemmer difor ikkje om artiklar i HT blir lagde til grunn. Den nasjonale orienteringa var fullstendig dominerande, men denne blei altså formidla gjennom ulike tematiske innfallsvinklar. Det neste tiåret, frå 1954/56 til 1965 endrar ikkje nemneverdig på inntrykket: Ingen nye saksområde kom til, og den politiske historia heldt på posisjonen – med 58 % av alle bidraga (28 av 48). I så måte er òg tiåret 1965–1975 prega av kontinuitet, sidan politisk historie danna utgangspunkt for 57 % av artiklane (41 av 73). Vekta på politisk historie innan eit nasjonalt rammeverk er knapt unik for HT, men den er sterkare enn i dansk HT: Heile ein fjerdedel av artiklane mellom 1942 og 1962 var via til «økonomisk-social historie».⁵⁵

Tiåret var likevel viktig, om ikkje anna fordi sosialhistorie for første gong dukka opp. Edvard Bulls analyse av arbeidarklassen i Christiania blei publisert i 1966, medan den andre artikkelen med distinkt sosialhistorisk profil stammar frå 1969-utgåva – Kåre Lundens «Agrartilhøve ca. 1600–1720».⁵⁶ Det var difor eit meir mangfaldig tidsskrift som tok form i byrjinga av 1970-talet: I tillegg til å vidareføre saksområda frå dei første tiåra, sleppte ein òg nye område til.⁵⁷ I den grad det er mogeleg å tale om eitt år som vendepunkt, er det vanskeleg å kome utanom 1973-årgangen. Ikkje berre var dette den første årgangen der politisk historie kom i mindretal (3 av 7 artiklar), men kanskje endå viktigare var det at årgangen synte ei byrjande konsolidering av det nye mangfaldet. Det skulle gå over ti år, til 1985-årgangen, før eit fleirtal av bidraga igjen dreidde seg om politisk historie. Siste del av 1970-talet markerte òg gjennombrøtet for økonomisk historie i HT. Medan saksområdet var heilt marginalt i den første etterkrigstida, dukka fleire bidrag opp i løpet av 1960-talet. Det var likevel først i andre halvdel av 1970-talet at økonomisk historie konsoliderte seg som eit fast innslag – på line med sosialhistorie. Det at alle banda frå 1976 til 1983 inneheldt økonomisk historie, og eit fleirtal av desse faktisk hadde fleire bidrag i same årgang, reflekterte at feltet ser på seg sjølv som ein del av historie – og ikkje som ein sjølvstendig disiplin nærare knytt til økonomi, slik høvet er i Sverige, Storbritannia og USA.⁵⁸

På mange måtar vidareførte 1980-talet den tematiske innrettinga som etablerte seg i andre

54. Ulvund mfl. 2019: 4.

55. Jespersen 2014: 178.

56. Lunden 1969.

57. Det dreier seg om byhistorie (Sandaaker 1970) og bidrag innan «forvaltning og finansar» (Hodne 1972).

58. Lange & Nordvik 1995: 261.

halvdel av 1970-talet. Politisk historie heldt fram med å tape terreng, og i tida 1980–1989 var berre 30 % av bidraga innan dette saksfeltet (25 av 83). Av nykommarane frå 1970-talet var sosialhistorie den viktigaste, i kraft av at i overkant av 20 % av artiklane hadde sosialhistorisk vinkling (17 av 83 artiklar). Tiåret vitna òg om to nye saksområde, rettshistorie og vitskaps-historie.⁵⁹

1990-talet, som representerte eit vendepunkt i tidsskriftet med omsyn til kjønn, periode og geografisk undersøkingsområde, er – med eitt unnatak – ikkje til å skilje frå 1980-talet om merksemda er på saksområde. Politisk historie var òg no det viktigaste saksområde (23 %), følgt av sosialhistorie (15,5 %). Det kom fleire bidrag innanfor idé- og opinionshistorie, og økonomisk historie var representert i meir eller mindre kvart band. Bidrag til demografi- og migrasjonshistorie blei det derimot lenger mellom – og det blei endå lenger mellom artiklar med tema innanfor byhistorie, vitskapshistorie, finans og forvaltning og biografi.

Berre når det gjeld historievitenskap, markerte tiåret eit vendepunkt. Interesse for slike metahistoriske refleksjonar går rett nok langt attende, men var i dei første tjue åra etter krigen i all hovudsak retta mot kjelder og kjeldeproblematikk. På 1960- og særleg 1970-talet blei merksemda retta mot metodiske spørsmål og historiografi – og det same gjaldt for 1980-talet. Ei slik utvikling reflekterte sjølvstøtt nye metodiske og historieteoretiske spørsmål knytt til eit tematisk meir differensiert landskap, men utviklinga kan òg plasserast inn i ei europeisk ramme: ein ny generasjon av historiografar som ikkje berre var opptekne av vitskaplege normer, men som òg diskuterte metode meir spesifikt og dessutan infrastruktur og (følgjene av) profesjonalisering.⁶⁰ Bidraga til saksfeltet nesten dobla seg på 1990-talet, frå 13 % på 1980-talet til 21 % (35 av 167 artiklar).⁶¹ Historiografiske refleksjonar dominerte, men det fanst òg bidrag som diskuterte kjelder og teori/metode. Omfanget er òg oppsikt-svekkjande lest opp mot utviklinga i dansk HT, der det som er kalla ei «historiografibølge» på 1960- og 1970-talet, ebba ut på 1980-talet.⁶²

I ljøs av desse tendensane på 1990-talet markerte dei to siste tiåra eit nytt vendepunkt for HT. I dette vendepunktet ligg det fire tendensar. For det første: Politisk historie styrka stillinga si, og særleg er dette tydeleg mellom 2000 og 2009. 47 artiklar (av 137) innan saksfeltet utgjorde i overkant av 34 %, medan talet for heile tidsrommet er på 27,5 % (79 av 286). Eit blikk på norske doktorgradsavhandlingar syner at det framfor alt er Oslo og Trondheim som har via seg til politisk historie – og særleg er tendensen tydeleg etter 2010.⁶³ Materialet i denne undersøkinga indikerer difor at interessa for politisk historie både femnar vidare og har vore meir langvarig enn talmaterialet for doktorgradsavhandlingane tilkjennegejev.

For det andre: Sosialhistorie – eit markant innslag i tidsskriftet heilt sidan siste del av 1970-talet – blei marginalisert. Dei 19 artiklane som skreiv seg inn i dette sakskomplekset, utgjorde berre i overkant av 6,5 % av bidraga. Her skil tendensen i HT seg drastisk frå den som karakteriserer doktorgradsavhandlingane. I desse har sosialhistorie ein sterk og stabil posisjon, trass i somme skilnader universiteta imellom.⁶⁴

For det tredje: Kulturhistorie, forstått som variantar av «ny kulturhistorie», dukka for

59. Det er ikkje mange bidrag det er tale om, to innan rettshistorie og eitt i vitskapshistorie; sjå høvesvis Hansen 1992; Dørum 1993 og Rogstad 1997.

60. Sjå Tollebeek & Porciani 2012: 21.

61. Det må leggjast til at åtte av desse bidraga blei publiserte i jubileumsnummeret i 1996 som nettopp var via til historiografiske tilbakeblikk.

62. Due-Nielsen 2014: 287.

63. Ryymin mfl. 2019: 144.

64. Sosialhistorie har særleg stått sterkt i Bergen og Trondheim (Ryymin mfl. 2019: 143).

første gong opp i 2000, og dermed er alle saksområda dekte.⁶⁵ Det er heller ikkje snakk om sporadiske innslag, sidan i underkant av 10 % av bidraga fell inn i dette saksområdet (28 artiklar). Denne kulturhistoriske interessa samsvarar elles med gjennombrøtet for kulturhistorie i norske doktorgradsavhandlingar: Ingen avhandlingar blei levert om emnet før 2000, medan dei utgjer 25 % i tida mellom 2000 og 2015.⁶⁶

For det fjerde: Historievitskap konsoliderte seg som eit merkbart innslag i HT med nesten 17 % av alle bidrag (48). Den sterke og varige interessa for i all hovudsak metodiske, teoretiske og historiografiske observasjonar og refleksjonar etablerte seg på 1990-talet og blir vidareført i dei følgjande tiåra. Doktorgradsavhandlingane syner ein liknande tendens: Teoretisk refleksjon i ulike former blei på 2000-talet ikkje berre eit fast innslag i avhandlinganes innleiande delar, men slike refleksjonar blei òg langt meir omfattande og djuptloddande enn det dei gjerne hadde vore tidlegare.⁶⁷

I kva grad denne auken skuldast redaksjonelle val, er vanskeleg å seie. Med unnatak av kvinnehistorie (som del av saksfeltet sosialhistorie) har redaksjonane vore tause når det kjem til saksfelt. Fleire redaksjonar har etterlyst meir teori og teoretisk debatt,⁶⁸ men det var faktisk berre Tromsø-redaksjonen som sette fram ei klar målsetjing: Han uttrykte i 2015 eit ønske om å fremje «den historiografiske og teoretiske refleksjonen i faget».⁶⁹ Sjølv om talmaterialet ikkje er heilt samanliknbart, syner fordelinga mellom saksfelt i dansk HT (1988–2003) slåande likskapar. Politisk historie dominerer (i overkant av 30 %), medan historievitskap og kulturhistorie ligg på kring 15 %. Den store skilnaden er at økonomisk og sosial historie står langt sterkare og utgjer 22 % av artikkel- og debattstoffet.⁷⁰

Det er såleis vanskeleg å hevde at det tidsskriftet som møter oss på 2010-talet, speglar utviklinga i faget. Faktisk liknar det meir på etterkrigstidas HT: Saks mangfald – og kanskje til og med tendensar til fragmentering – blir framleis forsøkt sameint under det nasjonale.⁷¹

Den redaksjonelle handa: Historisk tidsskrift mellom konservatisme og nyskaping

Innhaldsanalysen har avdekkja eit lett ambivalent tidsskrift. Konservativt på den eine sida, og då særleg med omsyn til kjønn og geografisk rom, men langt meir mangfaldig om merksemda blir retta mot historisk periode og ikkje minst sakskategoriar. Redaksjonanes rolle har blitt diskutert ovanfor, men avslutningsvis kan det kanskje vere på sin plass å sjå meir overordna på kva redaksjonelle føreord (som først dukkar opp i 1985) kan seie om kva for utvikling tidsskriftet har ønskt.

Ikkje få redaksjonar har uttrykt ei varsam og konservativ haldning, gjerne med referanse til tidsskriftets alder og vitskaplege tyngde: «HT er et seriøst gammelt tidsskrift med 120 år bak seg; alle kosmetiske endringer må foregå nennsomt.»⁷² Oslo-redaksjonens konservatisme blei ført vidare av Trondheim – som meinte at nyskaping ikkje var naudsynt, nettopp

65. Skålevåg 2000.

66. Ryymin mfl. 2019: 144.

67. Ryymin mfl. 2019: 150.

68. I det siste nummeret til Oslo-redaksjonen i 1992 blei det peika på at innslaget av teoretisk debatt er styrka, «men ikke så mye som vi hadde ønsket» (Grimnes, Hovstad & Sogner 1992: 1).

69. Fulsås mfl. 2015: 4.

70. Sjå Pedersen 2014: 238.

71. For andre diskusjonar om det nasjonale som integrativ mekanisme, sjå Myhre 2000; Fulsås 2000 og bidrag i Heiret, Ryymin & Skålevåg 2013.

72. Grimnes mfl. 1990: 129.

ved å vise til at tidsskriftet er «en så tradisjonsrik og veldrevet vitenskapelig publikasjon».⁷³ Det same gjaldt for Tromsø-redaksjonen frå 1997,⁷⁴ og det er først i 2002 – då redaksjonen kom til Bergen – at ein klar ambisjon om nyskaping blei sett fram. I eit «manifest» peika redaksjonen på eit norsk historiefag som har «forblitt innelåst i nasjonalstatlige horisonter, både når det gjelder tema, rammer og perspektiver».⁷⁵ Med utgangspunkt i eit ønske om å styrke «historiefagets samfunnsmessige funksjon», tok redaksjonen til orde for internasjonalisering, samtidshistorie og dessutan syntese og komparasjon.⁷⁶

Av ulike årsaker lykkast ikkje Bergen-redaksjonen med ein slik storstilt revisjon. Redaksjonen sette likevel merke etter seg: I programforpliktinga til den neste Oslo-baserte redaksjonen (Øystein Rian, Jorunn Bjørgum og Erik Opsahl), «Historisk tidsskrift mellom fortid og fremtid», var det Noreg og norsk historieskriving som blei vektlagt. Det blei understreka kor viktig tidsskriftet er «for utviklingen av historiefaget i Norge», samstundes som satsing på det norske språket blei koplå til ei vekt på «omtalen av norske samfunnsforhold». I det som knapt kan lesast som noko anna enn eit oppgjer med Bergen-redaksjonens internasjonale line, presenterte redaksjonen eit globalhistorisk argument for verdien til norsk historie: «Norsk historie er ikke provinsial! Alle lands og alle folks historie er interessante som varianter av menneskehetens historie.»⁷⁷

Denne diskusjonen mellom to redaksjonar var den første og einaste av sitt slag i *HT*. Mykje stod på spel. Det dreidde seg om to ulike svar på korleis tidsskriftet skulle møte eit felt som sidan 1970-talet hadde endra seg storleg. Tidlegare redaksjonar hadde òg uttrykt uro,⁷⁸ men det var først på 2000-talet at redaksjonar presenterte distinkte og ulike svar på tidsskriftets utfordringar. Medan tidlegare redaksjonar gjerne ønskte å spegle det nye mangfaldet,⁷⁹ ville Bergen-redaksjonen styre tidsskriftet blant anna gjennom å tinge bidrag som synleggjorde den nye internasjonale retninga. Oslo-redaksjonen seier rett ut at «et vitenskapelig tidsskrift som *Historisk tidsskrift*» ikkje bør «drive noen pågående politikk når det gjelder hvilken retning fagutviklingen skal gå».⁸⁰ Det var altså grenser for kor sterk den redaksjonelle handa kunne vere. Eit tidsskrift som synte ein for «pågående politikk», stod ifølgje Oslo-redaksjonen i fare for å bli sett på som mindre vitskapleg. Ei slik normforståing går tilbake til tidsskriftets første fase.

HT er eit såkalla postkassetidsskrift som vurderer bidrag som blir sende inn. Handlingsrommet til redaksjonar er dermed avgrensa, og det er hovudsakleg gjennom temanummer at ein redaksjon kan setje sitt preg på tidsskriftet. Sidan tidsskriftet før 1985 ikkje inneheld redaksjonelle føreord, er det ikkje like enkelt å fastslå kva som er temanummer.⁸¹ Det er uansett klart at temanummer først dukka opp med ein viss frekvens på 1980-talet. Frå det første, om medisin og helse (1987), til det til no siste temanummeret, om skeiv historie i 2020, har det blitt gjeve ut 14 temahefter. Nesten alle redaksjonane sidan 1985 har stått bak

73. Imsen mfl. 1992: 121.

74. Niemi, Balsvik & Hansen 1997: 177.

75. Fure mfl. 2002: 170. Det blei òg hevda at «størstedelen av forskningen om norsk historie mangler både et komparativt og relasjonelt perspektiv i forhold til andre deler av verden» (Fure mfl. 2002: 170).

76. Fure mfl. 2002: 170–172.

77. Rian, Bjørgum & Opsahl 2005: 4–5.

78. Oslo-redaksjonen tok i 1989 tok til orde for «historikernes rikssamling, en innskrivning i manntall av alle dem som identifiserer seg som historiker» (Grimnes, Hovstad & Sogner 1989b: 393). Den same redaksjonen konstaterte òg at auka mangfald og spesialisering har ført til sterkare konkurranse (Grimnes mfl. 1992: 1).

79. Slik som då Trondheim-redaksjonen i 1992 ønska å «trekke på denne nye rikdommen» (Imsen mfl. 1992: 121).

80. Rian mfl. 2005: 7.

81. Det finst i alle fall to tidlegare temanummer: jubileumsnummeret (1970, nr. 3) og 1979, nr. 3 – via til mellomkrigstida og i all hovudsak økonomisk historie.

slike satsingar, men i ulikt omfang.⁸² Her skil tidsskriftet seg frå dansk HT, som berre i liten grad har operert med temanummer eller etterspurte artiklar om spesifikke emne.⁸³

Temahefta syner spenn i saksområde, mindre mangfald når det gjeld historisk periode og meir einsretting med omsyn til undersøkingsrom.⁸⁴ Politisk historie er via fem nummer,⁸⁵ sosialhistorie tre,⁸⁶ to krinsar kring historievitskap,⁸⁷ medan forvaltning og finansar (Organisation Todt) og vitskapshistorie (moderne norsk vitskapshistorie) er via eitt hefte kvar.⁸⁸ Saksområda reflekterer tidsskriftets større mangfald dei siste tiåra, og det same kan seiast om historisk periode. Ikkje alle temahefta har ei kronologisk ramme, men av dei som har det, er det symptomatisk at berre eitt temanummer er via eldre historie, i dette høvet tidleg nytid. Det at tida mellom 1800 og 1945 er via fleire hefte (5) enn samtidshistoria (3), har kanskje å gjere med ei rekkje viktige jubileum i løpet av dei siste tiåra – unionsoppløysing, stemmerett for kvinner og grunnlovsjubileum.

Det området der temahefta knapt skil seg frå den overordna tendensen i HT, er med omsyn til geografisk rom. Med unnatak av temaheftet i 1989, som prenta bidrag frå historiedagane same året, og som diskuterte moment kring internasjonalisering, og heftet som drøftar Noregs tilhøve til Europa frå 1993, krinsar alle andre temanummer i all hovudsak kring norsk historie. Det finst sjølvsagt bidrag i desse som presenterer ikkje-norske perspektiv, men inntrykket er at det er norske saksfelt og historiske problem som legg grunnlaget for det som finst av internasjonal kontekstualisering. Av dei 94 bidragsytarane til desse 14 temanummera, er 34 kvinner og 60 menn. Det vil seie ein kvinneandel på 36 % – ti prosent over det tiåret med høgast kvinneandel (1990-talet). Kvinnene fordeler seg ganske jamt både på periodar og saksfelt, med unnatak av diskusjonen om Noregs tilhøve til Europa (1993) og Organisation Todt (2018), som ikkje hadde kvinnelege bidragsytarar.

Dei mange referansane til tidsskriftets ærerike fortid og dei like mange referansane til HT som eit vitskapleg tidsskrift tek såleis ikkje vekk det redaksjonelle manøvreringsrommet. Utover å gje ut temanummer har dei fleste redaksjonane som nemnt hatt eigne målsetjingar – blant anna knytt til kjønn, geografi og periode. Fleire redaksjonar har òg tatt stilling til den faktoren som meir enn andre la grunnlaget for Bergen-redaksjonens kurs, den samfunnsmessige funksjonen. Allereie i 1985 ønska redaksjonen å ta opp «fagets rolle i samfunnet» ved å opne for «nytt stoff av fagdidaktisk og fagpolitisk karakter».⁸⁹ Det blei med nokre få innlegg, men det er interessant at Oslo-redaksjonen avslutta sin periode med å peike på at «mer almenkulturelle publikasjoner» stikk av med stoff som set «historie og historieforskning i en større samfunnsmessig sammenheng».⁹⁰

For seinare redaksjonar blei tidsskriftets samfunnsmessige funksjon forsøkt realisert ved å utvide det historieinteresserte publikummet. I 1992 blei «vårt fag» rekna som ein kritisk dommar for historiebruk på andre arenaer slik som skule, media og ved musea.⁹¹ Ti år

82. Bergen-redaksjonen (2002–2005) og Tromsø-redaksjonen (1997–2002) publiserte ingen temanummer.

83. Due-Nielsen 2014: 191.

84. Temaheftet knytt til historiedagane i 1989 hadde internasjonalisering som stikkord (1989, nr. 2), men inneheldt elles artiklar frå fleire saksfelt. Nummeret som var via nordnorsk historieskriving, er sameleis mangfaldig med omsyn til saksområde (1991, nr. 4).

85. Tinget som sosial arena i det gamle samfunn (1991, nr. 2); EF og Noregs tilhøve til Europa (1993, nr. 3), perspektiv på unionsoppløysinga og norsk utanrikspolitik etter 1905 (2005, nr. 2), 100-årsjubileet for kvinners stemmerett (2013, nr. 4), grunnlovsjubileet (2014, nr. 1).

86. Medisin og helse (1997, nr. 3).

87. Det dreier seg om dei to jubileumshefta i 1996, nr.1/2, og 2019, nr. 2.

88. Høvesvis 2009, nr. 4, og 2015, nr. 3.

89. Grimnes, Hovstad & Sogner 1985: 1.

90. Grimnes mfl. 1992: 1.

91. Imsen mfl. 1992: 121.

seinare presenterte Bergen-redaksjonen eit heilt anna syn på tidsskriftets publikum. HT skulle nemleg «kommunisere med et bredest mulig spekter av den historisk interesserte offentlighet».⁹² Seinare redaksjonar har i stor grad slutta opp om ei slik ekspansiv line. Oslo-redaksjonen ønska i 2005 bidrag frå andre enn faghistorikarar, og meinte at tidsskriftet måtte stå i dialog med «oppfatninger og formidlinger av historien utenfor historikernes rekke».⁹³ Ei slik langt meir audmjuk haldning der historikarar gjennom HT ikkje set seg til dommar over andre historieinteresserte, står i nært samband med den vidare problematiseringa av tidsskriftets samfunnsfunksjon det siste tiåret. Trondheim-redaksjonen etterlyste i 2010 «bidrag som hjelper oss å utvikle svar på spørsmålene om hvorfor historie er viktig, hva historien kan tilføre samfunnsdebatten og som diskuterer bruken av historie i dagens samfunn».⁹⁴ Den sitjande redaksjonen er òg oppteken av at HT skal synleggjere historiefagets samfunnsrelevans, men det blir ikkje reist grunnlagsproblem knytt til «hvorfor» og «hva». I staden blir spørsmålet knytt til bruk av «eit presist og forståelig norsk».⁹⁵

Avslutning: fortid, samtid og framtid

Tidsskriftets historie sidan 1945 er prega av fleire vendingar, dei fleste på 1990-talet. Det er i dette tiåret at kvinneandelen auka, frå å vere nesten ikkje-eksisterande til å nå 25 %. Tiåret markerte òg inntoget til samtidshistorie – og ei konsolidering av ei stode der mellomalder stod svakare samanlikna med dei første etterkrigsåra. Geografisk mangfald er òg eit stikkord det er umogeleg å sjå vekk frå når det gjeld 1990-talet: Det er i dette tiåret at HT opna seg opp mot verda. Det er faktisk berre med omsyn til saksfelt at 1990-talet ikkje representerte eit vendepunkt. Tematisk mangfaldiggjering er nemleg i større grad å finne i tidsskriftets årgangar sidan 2000-talet.

Om merksemda blir retta mot den nære samtida – redaksjonane sidan 2005 – har dei mykje til sams i forståinga av tidsskriftets rolle innan det norske historiefaget. Mangfald er eit stikkord, men innanfor rammene av eit tidsskrift som vier norsk forskning særleg merksemd. I så måte er det liten tvil om at tidsskriftet har lykkast, i alle høve i ein viss mon. Om ein held kjønn og geografi utanfor, har periodemangfald og mangfald med omsyn til saksområde prega HT sidan 2005. Å sjå historia i eit «relasjonelt perspektiv» – vanlegvis knytt til internasjonal forskning og stundom til bruk av komparasjon – er òg ein gjengangar frå redaksjonelt hald.⁹⁶ Dette er vel på mange måtar eit kompromiss mellom den internasjonaliseringa Bergen-redaksjonen (2002–2005) tok til orde for, og dei nasjonale forpliktingane som andre redaksjonar har målfest.

Ein kan vere samd eller usamd i den kursen redaksjonane sidan 2005 har lagt seg på. Innanfor ei redaksjonell retning som legg vekt på mangfald innanfor rammene av norsk historie, er det vanskeleg å konkludere annleis enn at HT har lykkast. Konkurransen og utfordringar har blitt møtte med ein varsam konservatisme, med ei uttrykt redsle for konsekvensar av eit politisert tidsskrift der redaksjonen set den fagpolitiske agendaen. Forsking på ikkje-

92. Fure mfl. 2002: 172.

93. Rian mfl. 2005: 9.

94. Bull mfl. 2010: 3.

95. Ulvund mfl. 2019: 6.

96. Rian mfl. 2005: 6; 2009: 563. Trondheim-redaksjonen i 2010 «vil oppfordre alle forfattere til å tenke over og prøve å få fram hvordan deres emne henger sammen med internasjonale forhold» (Bull mfl. 2010: 5). Tromsø-redaksjonen vidareførte dette ved å hevde «at prioriteringa av norsk historie kan og bør gå saman med internasjonal orientering, på fleire måtar» (Fulsås mfl. 2015: 3). Den sitjande Bergen-redaksjonen nøydde seg med å slå fast at «norsk historieforskning er i stor grad internasjonalt orientert» (Ulvund mfl. 2019: 4).

norsk historie vil det vere lite av i framtida, kjønnsbalansen vil truleg bli verande skeiv, og det vil heller ikkje dukka opp mange komparative undersøkingar. Kanskje er dette prisen å betale for eit tidsskrift som femnar breitt med omsyn til periode og saksområde – eit *Historisk tidsskrift* der ei nasjonal erkjenningssinteresse fungerer som den grunnleggjande sameinande krafta.

Litteratur

- Amdam, R.P. (2000). Industrikomiteen i New York 1943–1945. Ein kanal for kunnskapsoverføring frå USA til Norge. *Historisk tidsskrift*, 79, 3–21.
- Benum, E. (2010). Arbeidet for anerkjennelse: Hasselgruppen og det internasjonale vitenskapssamfunn ca. 1945–ca. 1955. *Historisk tidsskrift*, 89, 573–602.
- Blom, I. (1985). Nødvendig arbeid – skiftende definisjoner og praktiske konsekvenser. *Historisk tidsskrift*, 64, 117–141.
- Bull, I., Wærdahl, R.B., & Steinnes, K. (2010). Historiefagets utfordringer og Historisk tidsskrift. *Historisk tidsskrift*, 89, 3–7.
- Due-Nielsen, C. (2014). Fremgang og nye utfordringer. Historisk Tidsskrift 1962–1988. *Historisk Tidsskrift [DK]*, 114, 185–229.
- Dørum, K. (1993). Byggesystemet i forandring. *Historisk tidsskrift*, 72, 181–196.
- Eliassen, F.-E. (2012). Transnasjonale liv. Biografi som «sammenkjedet lokalhistorie». *Historisk tidsskrift*, 91, 337–353.
- Fladby, R. (1967). Bønder og embetsmenn i lokalstyringen etter 1837. *Historisk tidsskrift*, 46, 21–53.
- Fulsås, N. (2000). The strength of national history. I F. Meyer & J.E. Myhre (red.), *Nordic Historiography in the 20th Century* (s. 240–264). Oslo: University of Oslo.
- Fulsås, N. (2019). Framtida til Historisk tidsskrift. *Historisk tidsskrift*, 98, 340–344.
- Fulsås, N., Holt, R.A., Myklebost, K.A., & Jølle, H.D. (2015). Forord. *Historisk tidsskrift*, 94, 3–6.
- Fulsås, N., Holt, R.A., Myklebost, K.A., & Jølle, H.D. (2018). Forord. *Historisk tidsskrift*, 97, 295–296.
- Fure, O.-B., Forland, A., & Bjørkelo, A. (2002). Manifest. *Historisk tidsskrift*, 81, 169–172.
- Grimnes, O.K., Hovstad, H., & Sogner, S. (1985). Ny redaksjon. *Historisk tidsskrift*, 64, 1.
- Grimnes, O.K., Hovstad, H., & Sogner, S. (1989). CLIO på Dragvoll. *Historisk tidsskrift*, 68, 393–394.
- Grimnes, O.K., Hovstad, H., & Sogner, S. (1990). Forord. *Historisk tidsskrift*, 69, 401–402.
- Grimnes, O.K., Hovstad, H., & Sogner, S. (1991). Forord. *Historisk tidsskrift*, 70, 465–466.
- Grimnes, O.K., Hovstad, H., & Sogner, S. (1992). Forord. *Historisk tidsskrift*, 71, 1–2.
- Grønlie, T. (1976). Årdal Verks oksydavtale med Alcan i 1947. *Historisk tidsskrift*, 55, 139–194.
- Heiret, J., Ryymin, T., & Skålevåg, S.A. (red.). (2013). *Fortalt fortid. Norsk historieskriving etter 1970*. Oslo: Pax.
- Imsen, S., Fuglum, P., Melby, K., & Stang, G. (1992). Forord. *Historisk tidsskrift*, 71, 121–122.
- Imsen, S., Fuglum, P., Melby, K., & Stang, G. (1997). Takk for oss. *Historisk tidsskrift*, 76, 1–2.
- Jackson, T.N. (2017). Norway and the islands of the Atlantic Ocean in the Icelandic sagas. *Historisk tidsskrift*, 96, 7–22.
- Jespersen, J.V. (2014). Traditionens vogter. Historisk Tidsskrift 1942-1962. *Historisk Tidsskrift [DK]*, 114, 150–184.
- Jørgensen, C.M. (2012). Scholarly Communication with a Political Impetus. National Historical Journals. I I. Porciani & J. Tollebeek (red.), *Setting the Standards. Institutions, Networks and Communities of National Historiography* (s. 70–88). Hampshire: Palgrave Macmillan.
- Jørgensen, F.A., Karlsdóttir, U.B., Mårald E., Poulsen B., & Räsänen T. (2013). Entangled Environments. Historians and Nature in the Nordic Countries. *Historisk tidsskrift*, 92, 9–34.

- Joranger, T.M. (2010). Lokale eller nasjonale kollektive identiteter? Etnifisering og identitetsbygging blant norske immigranter i Amerika. *Historisk tidsskrift*, 88, 223–247.
- Hansen, T. (1992). Stiftamtmann Albrecht Philip v. Levetzaus forslag i 1774 om innføring av politiretter på landet i Norge. *Historisk tidsskrift*, 71, 304–414.
- Hodne, F. (1972). Likebehandlingsprinsippet for statens bevilgninger til grunnlagsinvesteringer i Norge 1840-1870. *Historisk tidsskrift*, 51, 1–36.
- Kruse, A., & Willumsen, L.H. (2014). Ordet Ballvollen knytt til transnasjonal overføring av idéar. *Historisk tidsskrift*, 93, 407–423.
- Lange, E., & Helge W. Nordvik (1995). Economic History. I W.E.A. Hubbard (red.), *Making a Historical Culture. Historiography in Norway* (s. 261–288). Oslo: Aschehoug.
- Larsen, P.O. (2015). A Historiographical Region with National Boundaries. The Nordic Historians' Community in the 20th Century. I J.E. Myhre (red.), *Boundaries of History* (s. 55–82). Oslo: Scandinavian University Press.
- Linn, A.R. (2015). From Voss to New York. Norwegian Transmigration to America and the Use of Virtual Worlds in Historical Research. *Historisk tidsskrift*, 94, 229–255.
- Lunden, K. (1969). Agrartilhøve ca. 1600–1720. *Historisk tidsskrift*, 48, 220–248.
- Meyer, F. (2011). Å se verden fra grenselandet. Det nasjonale og det transnasjonale i lokalhistorien. *Historisk tidsskrift*, 90, 213–232.
- Mjøen, P.M. (1954/56). Valgmansvalget i Bergen 1838. *Historisk tidsskrift*, 37, 1–10.
- Myhre, J.E. (1996). «I historiens hus er det mange rom». Noen hovedtrekk i norsk historieforskning 1970–1995. *Historisk tidsskrift*, 75, 3–35.
- Myhre, J.E. (2000). «A strong common professional identity». Professionalisation and the creation of a discipline in Norwegian historical scholarship in the 20th century. I F. Meyer & J.E. Myhre (red.), *Nordic Historiography in the 20th Century* (s. 184–214). Oslo: University of Oslo.
- Nicolaysen, N. (1871). Om de kongelige begravelser i Norge efter hedendommen. *Historisk tidsskrift*, 1, 1–22.
- Niemi, E., Balsvik, R.B., & Hansen, L.I. (1997). Fra redaksjonen. *Historisk tidsskrift*, 76, 177–178.
- Niemi, E., Balsvik, R.B., Hansen, L.I., & Jølle, H.D. (2002). Fra redaksjonen. *Historisk tidsskrift*, 81, 1–4.
- O'Dowd, M. (2010). Women Historians – Why Still So Few? I I. Porciani & L. Raphael (red.), *Atlas of European Historiography. The Making of a Profession 1800–2005* (s. 65). Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Okkenhaug, I.M. (2009). Herren har givet mig et rigt virkefelt. Kall, religion og arbeid blant armenere i det osmanske riket. *Historisk tidsskrift*, 88, 39–60.
- Pedersen, J. (2014). Forandringens brise. Historisk Tidsskrift 1988-2003. *Historisk Tidsskrift* [DK], 114, 230–297.
- Rian, Ø., Bjørgum, J., & Opsahl, E. (2005). *Historisk tidsskrift* mellom fortid og framtid. *Historisk tidsskrift*, 84, 3–9.
- Rian, Ø., Bjørgum, J., & Opsahl, E. (2007). Forord. *Historisk tidsskrift*, 86, 363–366.
- Rogstad, S. (1997). Kampen om eiendomsretten til tuberkulosesaken. Om å søke næring av tæring. *Historisk tidsskrift*, 76, 87–116.
- Rymin, T.S., Andresen, A., Heiret, J., & Melve, L. (2019). Hovedtendenser i norsk historievitenskap 1969–2015 belyst gjennom doktoravhandlinger. *Historisk tidsskrift*, 98, 130–166.
- Sandaaker, O. (1970). Håkon Håkonsson og Stavanger-privilegiet. *Historisk tidsskrift*, 49, 286–308.
- Schreiner, J. (1968). Møte med studentene i 1945. *Historisk tidsskrift*, 47, 1–14.
- Sigurðsson, I. (2009). Islendingenes holdninger til Norge og nordmennene fra 1814 fram til den andre verdenskrigen. *Historisk tidsskrift*, 88, 251–277.

- Simensen, J. (1977). Den radikale retning i u-landsstudiene og deres tolkning av afrikansk historie. *Historisk tidsskrift*, 56, 565–397.
- Simensen, J. (2000). National and transnational history. The national determinant in Norwegian historiography. I F. Meyer & J.E. Myhre (red.), *Nordic Historiography in the 20th Century* (s. 90–112). Oslo: University of Oslo.
- Skålevåg, S.A. (2000). En sykdom tar form. Om psykiatri og konstruksjonen av sinnssykdom i asyls æra. *Historisk tidsskrift*, 79, 352–375.
- Spring, U. (2001). Imagining the Irish and Norwegian. Peasantry around 1900. Between Representation and Re-presentation. *Historisk tidsskrift*, 80, 75–99.
- Stieg, M.F. (1986). *The Origin and Development of Scholarly Historical Periodicals*. Alabama: The University of Alabama Press.
- Svendsen, Å. (2001). Nasjonens behov og vitenskapens krav. Michael Birkeland og stiftelsen av Den norske historiske Forening i 1869. *Historisk tidsskrift*, 80, 303–322.
- Svendsen, Å. (2021). Et formativt redskap. *Historisk tidsskrift* og det norske historiefaget, 1877 til 1955. *Historisk tidsskrift*, 100, 300–314.
- Stråth, B., Simonsen, D.G., Warring, A., Lindkvist, L., & Villstrand, N.E. (2008). *Evaluering av norsk historiefaglig forskning. Bortenfor nasjonen i tid og rom. Fortidens makt og fremtidens muligheter i norsk historieforskning*. Oslo: Norges forskningsråd.
- Thue, F.W. (2015). A Modernized Historical Consciousness? Whig History, Modernism, and the Postwar Welfare State. I J.E. Myhre (red.), *Boundaries of History* (s. 321–365). Oslo: Scandinavian University Press.
- Tollebeek, J., & Porciani, I. (2012). Institutions, Networks and Communities in a European Perspective. I I. Porciani & J. Tollebeek (red.), *Setting the Standards. Institutions, Networks and Communities of National Historiography* (s. 3–26). Hampshire: Palgrave Macmillan.
- Tretvik, A.M. (2004). *Lokal og regional historie*. Oslo: Samlaget.
- Ulvund, F., Rosland, S., Blažević, D., & Kristiansen, J.R.U. (2019). Forord. *Historisk tidsskrift*, 98, 4–7.
- Vikør, K. (1982). Salthandel og politisk utvikling i Sahara før 1900. Eit døme på menneskelig tilpassing. *Historisk tidsskrift*, 61, 333–359.
- Vikør, K. (1984). Mystikk og politikk – eit problemfelt for historisk forskning. *Historisk tidsskrift*, 63, 1–27.